

Høyring av søknad om regulering og vassuttak i Salbuelva i Hyllestad kommune, Vestland fylke

NVE har fått ein søknad frå Salbu Produksjon AS om løyve etter vassressurslova til å nytte vatn frå Salbuelva og regulering av Ramsgrøvatnet til produksjon av settefisk og til å fylle vatn på brønnbåtar. Søknaden med vedlegg er lagt ut på NVE si nettside: www.nve.no/9726/V.

Alle som har meiningar om saka kan uttale seg. Fråsegn kan sendast oss elektronisk via nettsida, per e-post til nve@nve.no eller per post til NVE, Energi- og konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo. Merk brev eller e-post med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202514846. Frist for å sende fråsegn er **15.01.2026**.